

MØTEINNKALLING

KONTROLLUTVALET I DOVRE KOMMUNE

Møtedato	Tid	Møtestad
Mandag 26. mai 2025	Kl. 09.00-13.00	Kommunestyresalen

Medlemmer blir med dette innkalla: Martin Killi (leiar), Magne Lunde (nestleiar), Greta Helene Talleraas, Guri Ruste, Hans-Jacob Dahl.

Varamedlem møter berre etter nærare varsel: Oddlaug Espe Hammerstad, Jan Vidar Haugen, Gunvor Gauteplass, Mathias Skrugstad, Magne Botten.

Evt. forfall må varslast snarast til sekretariatet. Forfall må grunngjevast.

Sakliste

	Godkjenning av innkalling og sakliste
Sak 16/25	Foranalyse – internkontroll
Sak 17/25	Oppfølging av nummerert brev etter forenkla etterlevelseskontroll med økonomiforvaltninga 2023
Sak 18/25	Forenkla etterlevelseskontroll med økonomiforvaltninga 2024
Sak 19/25	Kommunens regnskap og årsberetning for 2024
Sak 20/25	Godkjenning av protokoll
Sak 21/25	Budsjett-2025
Sak 22/25	Referatsaker

Tilleggsinformasjon

- * Regnskapsrevisor Astrid Haga deltek i sak 17-19.
- * Forvaltningsrevisor Guro Selfors Lund er med via Teams i sak 16.
- * Administrasjonen er bedt om å orientere i sak 17 og 19.
- * Det blir kaffe/te med formiddagsmat.

Otta, 19. mai 2025

Elin Marit Andgard (sign.)

SKNG

SAKSFRAMLEGG

Møtedato:	Journalnr.:	Saksnr.:	Saksbehandlar:
26.5.2025	166/2025	16/25 - 22/25	Elin Marit Andgard, SKNG

Sak 16/25 Foranalyse – internkontroll

Vedlegg

- Foranalyse - internkontroll, frå Innlandet Revisjon IKS 25. april 2025

Bakgrunn

I vedtatt plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2025-2028 er internkontroll prioritert tema for forvaltningsrevisjon.

Kontrollutvalet vedtok i møte 18. mars 2025, sak 13/25:

1. Kontrollutvalet bestiller foranalyse for å vurdere evt. forvaltningsrevisjon om internkontroll, kvalitetsikring og avvikssystem.
2. Dersom revisjonen i foranalysen vil tilrå prosjektet, ber kontrollutvalet om at revisjonen også utarbeider prosjektplan.
3. Kontrollutvalet ynskjer at foranalysen og evt. prosjektplan blir levert til aprilmøtet¹.

Innlandet Revisjon IKS har lagt fram foranalyse. Forvaltningsrevisor vil delta på møtet for å presentere denne og svare på spørsmål.

Fakta

Kontrollutvalet skal påsjå at det blir utført forvaltningsrevisjon av kommunens verksemd og av selskap som kommunen har eigarinteresser i. Ein forvaltningsrevisjon er å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyrets vedtak (kommuneloven § 23-3).

Formålet med foranalysa er å gje kontrollutvalet grunnlag for å vurdere om det skal bestille ein forvaltningsrevisjon om internkontroll i kommunen.

Foranalysa omtalar internkontroll, generelt og etter kommuneloven. Vidare omtalar den kommunens organisering og internkontroll, offentlege ytringar, resultat frå gjennomførte tilsyn samt gjennomførte forvaltningsrevisjonar om temaet i andre kommuner.

Ei tilnærming til god internkontroll, kan være å dele kontrollbegrepet i to perspektiv:

1. Strategisk perspektiv: Det etablerte felles styringssystemet og dei verktøy leiinga har innført for å nå verksemda sine mål. Sektorovergripande internkontroll.
2. Operasjonelt perspektiv: Dei løpande prosessar og aktivitetar som blir gjort i tenesteproduksjon og i støtteprosessar.

Revisjonen har lagt fire kriterier til grunn for vurderinga om det bør gjennomførast ein forvaltningsrevisjon av temaet internkontroll.

¹ Aprilmøtet vart utsatt til mai av omsyn til handsaming av regnskap og årsberetning.

1. Er dette eit viktig område?
2. Er det risiko for å avdekke vesentleg avvik i forhold til vedtak, mål og forutsetninger?
Er det igangsatt risikoreduserande tiltak?
3. Er temaet reviderbart? Fins det gode revisjonskriterier og pålitelege data?
4. Vil forvaltningsrevisjon ha ein nytteverdi?

Revisjonens vurdering ut frå kriteria over er:

- Internkontroll er sentralt for å sikre at kommunen oppfyller lover og regler, når sine mål og bruker ressursene effektivt. Systematisk internkontroll er eit aktuelt og viktig område.
- Det er avdekka mangler i kommunens internkontroll på eit operasjonelt nivå, t.d. gjennom tilsyn fra Statsforvalter og Arbeidstilsynet. Kommunen har satt i gang risikoreduserande tiltak.
- Temaet er reviderbart.
- Revisjon av internkontroll, kvalitetssikring og avvikshandtering kan gje viktig innsikt i korleis kommunen jobber med å sikre forsvarleg tenesteyting og etterleving av lover og regler. Ved å identifisere eventuelle svakheiter, kan ein revisjon bidra til læring, forbetring og utvikling av kommunens systemer og praksis. Det pågår omstillings- og forbedringstiltak i utvalgte tenesteområder for å rette opp forhold etter tilsyn. Dersom det skal gjennomførast ein forvaltningsrevisjon nå, vil det være naturleg å sjå på det overordna systemet i kommunen.

Revisjonen oppsummerer med at forvaltningsrevisjon av kommunens overordna internkontroll vil være nyttig, men *etter at* avvik på sektornivå er fulgt opp og lukka. Revisjonen tilrår at kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon av internkontroll i 2026.

Om tilsyn og forvaltningsrevisjon - utdrag frå kontrollutvalsboka kap. 10

- Statleg tilsyn og kommunal eigenkontroll har til felles at dei skal medverke til at kommunen løyser sine oppgåver innanfor rammene av lover og forskrifter. For at denne innsatsen skal bli nytta best mogleg, er det viktig at tilsynsmynde og kontrollutvalet held seg orientert om kvarandre sitt arbeid, og bruker denne informasjonen aktivt i sitt eige arbeid.
- At det har vore gjennomført eit tilsyn, er difor ikkje eit avgjerande argument for at det ikkje skal gjennomførast ein forvaltningsrevisjon på same område. Det er likevel viktig å vurdere om det bør gå noko tid mellom undersøkingane for å få best mogleg utbytte og læringseffekt.
- Kontrollutvalet bør innhente tilsynsrapportar og halde seg orientert om kommunedirektøren si oppfølging av eventuelle lovbrøt.
- Rapportar frå statlege tilsyn kan gje nyttig informasjon både ved gjennomføring av risiko- og vesentlegvurdering og når kontrollutvalet planlegg konkrete forvaltningsrevisjonar. Tilsynsrapportar vil også være relevante for å vurdere korleis internkontrollen i kommunen fungerer. Kontrollutvalet bør forsikre seg om at kommunene har ei tilfredstillande handsaming og oppfølging av tilsynsrapportar.

Vurdering

Foranlysa gjev god framstilling av temaet internkontroll. Systematisk internkontroll er viktig for å sikre at kommunen innfri lovverket, når sine mål og leverer gode tenester. Ein forvaltningsrevisjon av temaet kan bidra til læring, forbetring og utvikling av kommunens systemer og praksis.

I tillegg til revisjonens omtale av to tilsyn i 2024, vil sekretariatet her nevne andre tilsyn: I årsmeldinga 2021 står følgjande om fylkesmannens tilsyn med kommunal beredskap og helseberedskap i 2019: "ROS analyse har høyt fokus og jobbes med kontinuerlig i heile kommunen også i 2021 samt vidare i 2022." Etter arbeidstilsynets tilsyn i 2023-24 (K55, Fredheim og Dovre skule) fekk alle tre områda pålegg om å gjennomføre kartlegging, risikovurdering, tiltak og plan for konkrete arbeidsmiljøfaktorar.

Dette indikerer at kommunen ikkje arbeider tilstrekkeleg systematisk med internkontrollen gjennom heilheitleg evaluering som sørger for overføring av kunnskap og rutiner mellom tenesteområda, for å sikre læring og forbetring i heile kommunen.

Sekretariatet støttar revisjonens tilråding om å gjennomføre forvaltningsrevisjon av internkontroll i eit strategisk perspektiv. Mellom anna ut frå gjentakande avvik etter tilsyn og at kommunen arbeider med oppfølging av to tilsyn på tenesteområde (det operative perspektivet).

Moglege problemstillinger er:

- Har kommunen ein risikobasert og systematisk internkontroll?
- Har rådmannen relevant informasjon til riktig tid om tenestene sin internkontroll (operativ del), avvik og enkelthendingar? Blir rapporteringer dokumentert?
- Bruker kommunen kvalitet- og avvikssystemet til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere sine aktiviteter/tenester og rutiner?
- Korleis sikrer kommunen at evaluering og erfaring blir overført mellom tenesteområder og fører til læring og forbetring i heile kommunen?
- Har kommunen rutiner som sikrer at attandemeldinger frå brukarar og pårørande blir fanga opp og brukt i kommunens evaluering og læringsarbeid?
- Korleis arbeider tenesteområder etter tilsyn?
- Korleis arbeider kommunen på overordna nivå og på tvers av sektorar etter tilsyn?

Sekretariatet meiner at forvaltningsrevisjon kan settast i gang til hausten i år uavhengig av igangsatt omstillings- og forbedringstiltak i utvalgte tenesteområder etter tilsyn. Det vil "alltid" være pågåande utviklingsarbeid i ein så stor verksemd og gjentakande avvik etter tilsyn over tid reiser spørsmål om kva som må til for at kommunen får internkontrollen "ordentleg på plass"? Utvalet kan evt. vurdere om det ynskjer orientering om internkontroll og kommunens tilsynsoppfølging, før det konkluderer i saka.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet bestiller prosjektplan av temaet internkontroll i eit strategisk perspektiv. Ein prosjektplan vil gjere greie for revisjonskriterier, metode, ressursbruk og gjennomføring. Uavhengig av tilrådinga over, er det kontrollutvalet som drøftar og tek avgjerda om valg av tema, problemstillinger, evt. prioritering av områder.

Sekretariatets forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek framlagt foranalyse til orientering.
2. Kontrollutvalet bestiller ein prosjektplan om internkontroll i eit strategisk perspektiv.
3. Utvalet ynskjer prosjektplanen framlagt på neste møte.

Sak 17/25 Oppfølging av nummerert brev etter forenkla etterlevelseskontroll med økonomiforvaltninga 2023

Bakgrunn

Etter gjennomført etterlevelseskontroll med økonomiforvaltninga 2023, sendte revisor eit nummerert brev. Kontrollen gjaldt etterlevelse av bestemmelser for oppstilling av kapitalvarer og dokumentasjon på bruk av kapitalvarer.

Kontrollutvalet vedtok i sak 27/24:

1. Kontrollutvalet merker seg revisors konklusjon etter forenkla etterlevelseskontroll av økonomiforvaltninga 2023 og innhald i nummerert brev nr 1-2024 der kommunen får konkrete tilrådingar for å betre praksisen.
2. Kontrollutvalet ber administrasjon orientere om korleis revisjonens funn og tilråding er følgt opp i samme møte som kontrollutvalet handsamer kommunens regnskap.

Sekretariatet har bedt rådmannen komme til møtet og orientere om korleis kommunen har fulgt opp revisjonens funn og tilrådingar.

Fakta

Kontrollutvalets ansvar med nummererte brev følgjer av kommuneloven § 23 og forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3.² Kontrollutvalet skal påsjå at regnskapsrevisors påpeikingar etter kommuneloven § 24-7 til § 24-9 blir retta eller fulgt opp, og rapportere til kommunestyret dersom dette ikkje skjer.

Revisor hadde følgjande tilråding:

"Kommunen anbefales å etablere rutiner og internkontroll som sikrer etterlevelse av regelverket for merverdiavgift, oppstilling av kapitalvarer jf. § 9-1-2 Registrerings- og dokumentasjonsplikt mv. ved anskaffelse og framstilling av kapitalvarer, herunder oppbevaring av dokumentasjonen i fem år etter siste år i justeringsperioden."

Revisor opplyser at dei vil følgje opp desse høva ved attestasjon av meirverdikompensasjon og ved oppstartsmøtet hausten-25.

For øvrig blir det vist til saksutgreiing og vedlegg i sak 27/24, inkl. kundebrev nr 1-2024 frå Innlandet revisjon IKS med omtale av regelverk og tilrådingar.

Sekretariatets forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek administrasjonens orientering til etterretning.
2. Kontrollutvalet ber revisor i sin årlege oppsummering til kontrollutvalet, informere om forhold som er tatt opp i nummerert brev som ikkje er retta eller tilstrekkeleg fulgt opp. Dette kan være i samme utvalsmøte som revisor legg fram overordna revisjonsstrategi.

² Sjå også NKRFs "Veileder for kontrollutvalgets behandling og oppfølging av nummererte brev fra regnskapsrevisor".

Sak 18/25 Forenkla etterlevelseskontroll av økonomiforvaltninga 2024

Vedlegg

- Uavhengig revisors attestasjonsuttalelse om etterlevelse i økonomiforvaltningen vedrørende attestasjon og anvisning av utbetalinger i Dovre kommune for 2024

Bakgrunn

Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak (kommuneloven § 23-2). Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen følger av kommuneloven § 24-9 og er en pliktig oppgave for regnskapsrevisor. Revisor skal avgi revisjonsuttalelse innen 30. juni til kontrollutvalget med kopi til kommunedirektøren.

Innlandet Revisjon IKS oversendte 7. februar uavhengig revisors attestasjonsuttalelse om etterlevelse i økonomiforvaltningen. Regnskapsrevisor vil være til stede i møtet og orientere om gjennomføring av kontrollen, funn og oppfølging.

Fakta

Formålet med forenklet etterlevelseskontroll er å sikre at kommunens økonomiforvaltning følger lovverk, standarder og vedtak på området. Kontrollen blir utført innenfor begrenset ressursramme. Kontrollen skal grunngis i en risiko- og vesentligvurdering, og revisor la fram dette for kontrollutvalget i møtet 27.11.24 i saken om overordnet revisjonsstrategi.

Revisor har utført et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet, på kommunens etterlevelse av bestemmelser og vedtak på følgende område:

- Attestasjon og anvisning av utbetalinger på innkjøpsområdet i kommunen.

Kontrollen har sett på:

- om det finnes et reglement eller rutine som beskriver hva som ligger i attestasjon- og anvisningsmyndigheten?
- for utvalgte attestanter og anvisere deres beskrivelse av hvilke kontroller som har blitt og blir utført ved attestering og anvisning av inngående faktura, inkludert en beskrivelse av vurderingen som gjøres av kontert merverdiavgift ved godkjenning av faktura.

For beskrivelse av revisors funn og vurdering henvises til revisors attestasjonsuttalelse.

Revisors konklusjon:

"Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt oppmerksomme på noe som gir oss grunn til å tro at Dovre kommune ikke i det alt vesentlige har etterlevd bestemmelsene i de interne rutinene som gjelder for attestasjon og anvisning av utbetalinger på innkjøpsområdet."

Revisor presiserer at uttalelsen er utelukkende utarbeidet for å gi kontrollutvalget et bedre grunnlag for å ivareta sitt påseansvar med økonomiforvaltningen og til kommunes informasjon, og skal ikke brukes til noe annet formål.

Vurdering

Revisor har utført forenklet etterlevelseskontroll med kommunens økonomiforvaltning i samsvar med kommuneloven og attestasjonen er gitt innen fristen.

Revisjonen finner at kommunen har tilfredsstillende kjennskap til rutinene for attestasjon og anvisning, men at det kan være behov for bedre rolleforståelse og kjennskap til økonomireglementet. Kontrollutvalget kan vurdere om de evt. vil be administrasjonen orientere i et senere møte om hvordan de vil følge opp dette.

Sekretariatets forslag til vedtak

Kontrollutvalget tar revisjonsuttalelsen og øvrig informasjon til etterretning.

Sak 19/25 Kommunens regnskap og årsberetning for 2024

Vedlegg

- Kontrollutvalgets uttale (forslag)
- Revisjonsberetning
- Årsberetning
- Årsregnskap med noter

Bakgrunn

"Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet innstiller til vedtak" (kommuneloven § 14-3).

Både revisjonsberetningen og kontrollutvalgets uttalelse skal følge regnskapssaken til kommunestyret via formannskapet.

Kommunedirektør og regnskapsrevisor er bedt om å komme til kontrollutvalgsmøtet:

- Kommunedirektør for å informere om årsregnskapene og årsberetningen
- Oppdragsansvarlig revisor for å orientere om revisjonsarbeidet og presentere revisjonsberetningen.

Fakta

Grunnlag for kontrollutvalgets uttalelse er kommunens årsregnskaper og årsberetning, revisjonsberetning fra Innlandet revisjon IKS, presentasjoner og drøftinger i møtet samt kommunikasjon med revisor gjennom revisjonsåret.

Krav til årsregnskap og årsberetning framgår av kommuneloven § 14-6 og § 14-7.

https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83/KAPITTEL_5-1#KAPITTEL_5-1

Årsregnskapene og årsberetning er avlagt av rådmannen og vedlagt saken. Regnskapet er avsluttet med et netto driftsresultat på kr 13 503 489.

Revisjonen er utført av Innlandet Revisjon IKS. Revisjonsberetningen er revisors faglige uttalelse om årsregnskapene og årsberetningen. Den er datert 14. april og gitt til kommunestyret med kopi til kontrollutvalget. Revisor har avlagt en revisjonsberetning uten forbehold og presiseringer, altså en ren revisjonsrapport. Det foreligger ingen nummererte brev.

Revisor uttaler basert på gjennomført revisjon at:

- årsregnskapet oppfyller gjeldende lovkrav
- årsregnskapet gir i det alt vesentlige en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen per 31. desember 2024
- resultatet for regnskapsåret samsvarer med kommunelovens regler og god kommunal regnskapsskikk
- årsberetningen inneholder de lovpålagte opplysninger
- opplysningene om økonomi i årsberetningen stemmer overens med årsregnskapet
- ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av kommunens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk
- basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er ikke revisor blitt kjent med forhold som gir grunn til å tro at årsberetningen ikke gir dekkende opplysninger om vesentlige budsjettavvik.

Vurdering

Hverken lov eller forskrift gir konkrete krav til hva kontrollutvalgets uttalelse skal inneholde, utover at den skal knytte seg til forhold i årsregnskapene, årsberetningen og tilhørende revisjonsberetning. NKRF har utarbeidet en veileder om kontrollutvalgets uttalelse om årsregnskapet og årsberetningen, og sekretariatets saksutredning og forslag til uttalelse baserer seg på denne.

Uttalelsen skal gjøre formannskapet og kommunestyret oppmerksomme på forhold som har betydning for om årsregnskap og årsberetning kan godkjennes. Uttalelsen bør derfor bare omtale forhold som har betydning.

Revisjonsberetningen

Revisor har avgitt en normalberetning uten forbehold eller merknader. Den omtaler alle forhold som følger av kravene i Kommuneloven § 24-8.

Revisor kan gjennom sitt arbeid oppdage mindre forhold som ikke omtales i revisjonsberetningen, men som er av interesse for kontrollutvalget. Det forventes at revisor informerer kontrollutvalget om slike forhold.

Årsregnskapet og finansielle måltall

Kommunens årsregnskapet skal gi kommunestyret grunnlag for styring og kontroll av kommunens økonomiske utvikling. Kommuneloven angir at kommunen skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevnen blir ivaretatt over tid og at finansielle midler og gjeld blir forvaltet på en måte som ikke innebærer vesentlig risiko (§ 14-1).

Årsmeldingen viser til anbefalingene fra Teknisk beregningsutvalg (TBU):

1. Netto driftsresultat på minst 1,75 % av driftsinntektene.
2. Disposisjonsfond bør være minimum 10 % av driftsinntektene.
3. Netto langsiktig gjeld bør ikke overstige 75 % av driftsinntektene.

Vedtatte måltall for Dovre:

1. Netto driftsresultat bør være minimum 1,0 %.
2. Disposisjonsfondet bør være minimum 10,0%.
3. Netto langsiktig gjeld bør ikke overstige 50 % av driftsinntektene.

<u>Resultat</u>	år 2020	år 2021	år 2022	år 2023	år 2024
Regel 1	5,4	6,4	7,4	5,2	3,6 %
Regel 2	5,4	11,6	17,8	20,8	21,9 %
Gjeld netto - korr VA			38,2	38,2	36,3 %
Gjeld netto	65,2	60,0	65,5	63,6	59,3 %

Som oversikten viser er handlingsreglene oppnådd.

Årsberetningen

Årsberetningen inneholder det som loven krever.

Tidsfrister

Årsregnskap og årsberetning er levert henholdsvis 16. mars og 8. april som er noe etter fristene 22. februar og 31. mars. Revisjonsberetningen er avgitt innen lovens frist.

Konklusjon

Årsregnskap og årsberetning er avgitt etter lovens frister, revisjonsberetning er avgitt innen frist. Dokumentene inneholder det som kommuneloven krever. Revisor har avgitt en revisjonsberetning uten forbehold eller merknader.

Sekretariatet er ikke kjent med andre forhold som kunne få betydning for kontrollutvalgets behandling, og anbefaler utvalget å slutte seg til det vedlagte forslaget til uttalelse.

Sekretariatets forslag til vedtak

1. Kontrollutvalget godkjenner det framlagte forslaget til uttalelse.
2. Kontrollutvalgets uttalelse til årsregnskapet og årsberetningen for 2024 oversendes kommunestyret med kopi til formannskapet.

Sak 20/25 Godkjenning av protokoll

Protokoll 18. mars 2025

Møteprotokoll var sendt ut 1.4.25. Sekretariatet har ikke mottatt nokon merknad.

Forslag til vedtak

Protokoll frå kontrollutvalgs møte 18. mars 2025 er godkjent.

Sak 21/25 Budsjett-2025

Bakgrunn

I kontrollutvalets møte 18. mars 2025 vedtok utvalet: "Kontrollutvalet ber sekretariatet legge fram sak om kostnader for dag- og kveldsmøte."

Saken omhandler også revidering av budsjett-2025 som følge av at vedtatt ramme for kontroll og revisjon er mindre enn utvalets budsjettforslag.

Fakta

Budsjett

I møte 9. oktober 2024, sak 20/24 Budsjett-2025 for kontrollutvalet, vedtok utvalet: Kontrollutvalet foreslår kr 1.318.350 som total budsjetttramme for kontrollarbeidet i kommunen i 2025 med følgende fordeling:

- Kontrollutvalets drift 125.000 kr
- Kontrollutvalssekretariatet (SKNG) 202.400 kr
- Revisjonen (Innlandet Revisjon IKS) 990.950 kr

Kommunestyret vedtok 16. desember 2024 under PS 72/2024: Årsbudsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028: "Kontrollutvalet sitt budsjett blir redusert ned med kr 122.420,- til sekretariatet opprinnelege budsjett på kr 1.195.930,-."

Godtgjeringer

Regulativ for kommunale ombud var vedtatt i kommunestyret 17.2.2025. Dette var delt ut til kontrollutvalets medlemmer i mars-møtet saman med orientering.

Godtgjeringer gjeld for det som er definert som møter og det forutset oppnevning/valg, innkalling, saker å sette seg inn i og at det blir ført møteprotokoll. Det enkelte medlemmet må sjøl sette fram krav om godtgjering.

Godtgjering etter punkt 1.10 (ulegitimerte utgifter – tappt arbeidsinntekt/arbeidsinnsats – utgifter vikar) er uavhengig av arbeidssituasjonen til den enkelte folkevalgt. Også pensjonistar kan krevje godtgjering for tappt arbeidsinnsats. Nokre vil ha rett til slik godtgjering også for møter på kveldstid (turnusarbeid, delt vakter o.l.). Satsen er pr. 1.5.24 kr 199,- pr. time. Legitimert krav av inntektstap vil oftast være høgare pr. time. For både ordningane er maks. godtgjering pr. dag kr 2.220.

Kostnader for dag- og kveldsmøte

Dette avheng av mange forhold, og sekretariatet har valgt å beregne årskostnader:

- Basert på erfaring 2024 og møteplan for 2025: 24 møtetimer + eit felles dagmøte.
- Kveldsmøter på maks 3 timer, jamfør kontrollutvalsmøtet i mars.
- Møtetid kan gjennomførast som 6 dagmøter à 4 timer eller 8 kveldsmøter à 3 timer, eller ein kombinasjon av dagmøter og kveldsmøter.
- I gjennomsnitt er 2,5 medlem i arbeid (erfaring fra to perioder i norddalen). Denne perioda gjeld det to i Dovre.
- Legitimert tappt arbeidsinntekt med utgangspunkt i gjennomsnittleg årsinntekt Dovre i 2024: kr 631.440 som er 324 kr/time.
- Det er lagt til 1/2 time reisetid til sjølve møtetida.

	1 Felles møte	2 Dagmøter				3 Kvelds- møter
Alternativ		a	b	c	d	
Møtegodtgjering	3 735	22 410	22 410	22 410	22 410	29 880
Køregodtgj.	ca 900	4 800	4 800	4 800	4 800	6 400
Tapt. arb.innsats	3 922	5 373	10 746	14 121	16 119	5 572
Pr. år	7 657	32 583	37 956	41 331	43 329	41 852

Forklaring til tabellen

1. Fellesmøte, 1 møte à 6 time
Eit medlem med ulegitimert tapt arbeidsinnsats og eit medlem med legitimert krav av faktisk inntektstap
2. Dagmøter, 6 møter à 4 timer
 - a. Eit medlem har ulegitimert tapt arbeidsinnsats
 - b. To medlemmer med ulegitimert tapt arbeidsinnsats
 - c. Eit medlem med ulegitimert tapt arbeidsinnsats og eit medlem med legitimert krav av faktisk inntektstap
 - d. Tre medlemmer med ulegitimert tapt arbeidsinnsats
3. Kveldsmøter, 8 møter à 3 timer
Eit medlem har ulegitimert tapt arbeidsinnsats på kveldsmøter

Budsjettjustering

Basert på møteplan for 2025 og regulativ for kommunale ombud har sekretariatet beregna utgifter for kontrollutvalets drift for 2025, fellesmøte og dagmøte alt. c.

	Sekr.forslag	KU 9.10.24	Stip.2025	Merknad
Møtegodtgjering	12.000	21.000	26.200	a
Tapt arbeidsforteneste	15.000	30.000	18.100	b
Køregodtgjering		0	5.700	
Arbeidsgjevaravgift	2.000	4.000	2.900	
Reiseutgifter	5.000	10.000	10.000	c
Møter, konferanser	40.000	48.000	51.100	d
Møteservering m.m.	3.500	5.000	5.000	
Kontingent FKT	3.500	4.000	4.000	e
Uforutsette utgifter	3.000	3.000	3.000	f
Ledergodtgjering			10.000	
PC-godtgjering			12.500	
Sum	84.000	125.000	148.500	

Merknad i oversikten over:

Generelt: Sekretariatets forslag til kontrollutvalet i oktober-2024 var basert på til dels "gamle" tall og Dovre var først til å behandle budsjettforslaget og dermed rette opp eindele poster.

- a. Utvalet auka antal møter frå 5 til 6 møter i året for betre kontinuitet og tid til å handsame sitt kontrollansvar
- b. Grunnlaget er 6 dagmøter à 4 t/møte + fellesmøte
- c. Reiseutgifter til konferanse, tog t/r konferanse for 5 personar
- d. 1 fagkonferanse årleg pr. medlem
- e. Forum for kontroll og tilsyn
- f. Fellesmøte med lunsj

I sekretariatets budsjettforslag var revisjonsutgifter kr 909.530 med 701 timar (445 timar regnskap, 241 timar forvaltningsrevisjon og 15 timar møter).

Kontrollutvalet auka forvaltningsrevisjon til 300 timer for å gje rom til ein årleg forvaltningsrevisjon eller fleire, mindre kontrollar. Kjøp av revisjonstenester kr 990.930.

Vurdering

Kontrollutvalets drift utgjer drøyt 10 % av total budsjetttramme for kontroll og revisjon, og med utvalets samansetning utgjer møtetidspunkt ein uvesentleg kostnadsforskjell.

Forhold som talar for dagmøte er at kontrollutvalet skal handsame mange vanskelege saker som krev konsentrasjon, og at dagmøte høver betre når administrasjon og revisjonen skal møte.

Innlandet Revisjon IKS opplyser at ingen kontrollutval i deira område har kveldsmøte, og at deltaking på kveldsmøter *kan* medføre auke kostnad og timebruk frå revisjonens side. Dette er ikkje drøfta, men dagleg leiar meiner det er klart fordel med dagmøter.

Eit kjapt nettsøk hjå tre andre kontrollutvalsekretariat (Konsek Trøndelag, Konsek Øst og Romsdal totalt 67 kommuner), indikerer at dagmøter er normen.

Ein eventuell budsjettreduksjon i kjøp av revisjonstenester frå kr 990.950 til kr 845.030 for å balansere budsjettet, vil innebære at det er rom for 194 timar til forvaltningsrevisjonar i år. Det er nok realistisk ut frå at ikkje er igangsatt noko prosjekt.

Sekretariatet vurderer at det er tilstrekkeleg å revidere budsjettet for 2025, men at det bør være ein dialog med kommunestyret på kva nivå dei vil ha kontroll og revisjon før budsjett for seinare år blir vedtatt.

Sekretariatets forslag til vedtak

Kontrollutvalet har sine møter på dagtid.

Kontrollutvalet fordeler årets budsjetttramme på kr 1.195.930 slik:

Kontrollutvalets drift	148.500 kr
Kontrollutvalssekretariatet (SKNG)	202.400 kr
Revisjonen (Innlandet Revisjon IKS)	845.030 kr

Sak 22/25 Referatsaker

Referatsaker

- Representantskapsmøte i SKNG 6. mars 2025
Møteprotokoll og årsmelding 2024 m/regnskap oversendt kommunene 13.3.2025.
<https://www.nord-gudbrandsdal.no/skng/skng/om-skng/styremoter-skng/>
- Kommunestyremøte 12. mai 2025: RS 14/2025: Møteprotokoll kontrollutvalet 18. mars 2025

- Brev fra rådmannen 19.3.25: Oppfølging av eierskapskontroll og forvaltningsrevisjon i NGR IKS (brev vedlagt).
- Bernt svarer
 Jan Fridthjof Bernt er professor emeritus ved Universitetet i Bergen. Bernt har stor kunnskap om forvaltningsrett, kommunalrett, offentlighetsloven og forvaltningsloven. Spalten "Bernt svarer" blir publisert i Kommunal Rapport.
 - 11. februar: Kan ordfører sende en spørreundersøkelse til kommunens ansatte uten å gå via kommunedirektøren?
 Bernt svarer: – Kan ikke frikoble kommunedirektøren fra den rolle og det faglige ansvar hen har
 - 18. februar: Har kommunedirektøren og representantene fra administrasjonen tale-, forslags- og stemmerett i administrasjonsutvalget selv om de ikke er personlig valgt av kommunestyret?
 Bernt svarer: – Kommunedirektøren har møte- og talerett, men ikke formell forslagsrett
 - 17. mars: I vår kommune krever opposisjonen omvalg til vervet som leder av planutvalget på grunn av sterk misnøye med måten han har utøvet dette. Kan kommunestyret avsette en utvalgsleder på grunnlag av slik kritikk og velge en ny leder?
 Bernt svarer: – Utvalgslederen har ikke noen form for «oppsigelsesvern»
 Utskifting av medlemmer i utvalget må imidlertid foretas ved fullstendig nyvalg av alle.
 - 26. mars: Hvorfor er det ulike regler om stemmeplikt ved budsjettvedtak i Stortinget og kommunestyrene?
 Bernt svarer: – Budsjettvedtak er en komplisert kabal der hensyn må veies mot hverandre
 - 31. mars: Det skulle vært kalt inn et varamedlem til kommunestyremøtet, men det ble uteglemt. Kan kommunestyremøtet likevel gjennomføres?
 Bernt svarer: – Medlemmer har krav på å bli kalt inn med rimelig varsel
 - 7. april: Kan jeg (journalist) få oversendt et regneark med kommuneregnskapet og når i arbeidsprosessen vil et slikt dokument være offentlig?
 Bernt svarer: – Regnskapet er ikke lenger internt når det har blitt sendt til revisor

Eventuelt / "ope post"

Forslag til vedtak

Referatsaker er tatt til orientering.